



Det kgl. Kommunal- og moderniseringsdepartement
postmottak@kmd.dep.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/1807	10529/2014	TLANGLO	140	20.08.2014

**MELDING OM UTTALE FRÅ RÅD FOR LIKESTILLING AV FUNKSJONSHEMMA I
ØRSTA KOMMUNE TIL FORSLAG TIL ENDRING I BYGGTEKNISK FORSKRIFT**

Råd for likestilling av funksjonshemma i Ørsta kommune hadde slik uttale i sitt møte den 18.08.14, under referatsak RS 37/14:

”RS 37/14 Forslag til endringer i byggteknisk forskrift – høyring

Rådet for likestilling av funksjonshemma meiner at reglane i TEK 10 må bli ståande og at det ville vere nødvendig med forskning på området.

Råd for likestilling av funksjonshemma viser til forslag om endringar i byggteknisk forskrift mellom anna reduksjon av snuareal for rullestolar og kravet om tilgjenge ved felles uteareal.

Konsekvensane av forslaget er det lite forska på. Forslaget medfører at mange får det vanskelegare med å velje bustadar og delta i aktivitet ute. Det må vere ei sjølvfylgje at folk som brukar barnevogner, rullatorar, rullestolar kan bruke same dør som andre.

Forslaget er diskriminerande, og rådet ber om at krava ikkje blir reduserte.

Rett utskrift av møteprotokollen 20.08.14


Toril Langlo
Politisk sekretær